



Interessentar

<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2007/1069	4546/2008	VL	25.04.2008

## **DRIFT AV BÅTRUTE MELLOM ULSTEINVIK, HATLØYA OG BORGARØYA**

Tidlegare løyvehavar for personbåtrute mellom Ulsteinvik / Borgarøya og Hatløya har gitt melding om at han ikkje lenger kan ta på seg drift av ruta. I påvente av ei permanent utlysing hausten 2008, vert ruta lyst ut midlertidig for perioden fram til 1. oktober. Den midlertidige utlysinga er å sjå på som ei vidareføring av gjeldande ordning.

I høve til regelverket om offentleg anskaffing er den midlertidige avtalen å sjå på som ein direkte kjøp.

### **Rammene for avtalen:**

1. Rutetrafikk skal gjennomførast med båt som er godkjent for trafikk for inntil 12 personar. Båten må som minimum ha ein fart som gjer at den kan halde oppsett ruteplan.
2. Båt og førar skal som minimum oppfylle krava knytt til avgrensa passasjertransport for transport av inntil 12 personar i :
  - a. "Forskrift om bygging, utrusting og anvendelse av passasjerfartøy opp til 15 m største lengde" av 15. Juni 1987 nr 505.
  - b. "Forskrift om besiktigelse for utstedelse av sertifikater til passasjer-, lasteskip og lektere, og om andre besiktelser m.m." av 15. Juni 1987 nr 506.
  - c. "Forskrift om kvalifikasjonskrav og sertifikatrettigheter for personell på norske skip, fiske- og fangstfartøy og flyttbare innretninger" av 9. Mai. 2003 nr 687.
3. Rutetrafikk skal gjennomførast etter den ruteplanen som er vist i vedlegg 1.
4. Den oppgitte ruteplanen er å sjå på som starttidspunkt frå dei ulike stadane. Anløp på Borgarøya skal inkluderast i rutene.
5. Noverande billettpris er kr 15 pr vaksen. Denne prisen kan aukast til kr 30 pr vaksen. Inntekter frå billettsal går til drivaren av ruta. Drivaren av ruta skal etablere eit system slik at sal av billetter vert dokumentert. Informasjon om billettsalet skal sendast kommunen ved utgangen av kvar månad slik at dette kan nyttast ved utarbeiding av eit anbudsgrunnlag for permanent

rutedrift.

6. Drivaren av ruta kan etter avtale gå ekstraturar utanom rute. Pris for dette vert avtalt spesielt.
7. Drivaren av ruta er ansvarleg for alle offentlege godkjenningar knytt til båt trafikken og rekneskapsføring.
8. Drivaren av ruta får utbetalt eit månadleg tilskot på kr 13 199 frå Møre og Romsdal fylke og kr 7 500 frå Ulstein kommune frå oppstart av ruta til og med utgangen av september 2008.
9. I tillegg til tilskotet i punktet over kan Ulstein kommune garantere for dekning av eit eventuelt underskot på ruta på inntil kr 30.000. Føresetnaden for dekning av eit slikt underskot er framlegging av revisorattestert rekneskap ved utløp av driftsperioden.

### **Andre opplysningar:**

Båtruta har til no vore gjennomført med ein båt på 32,5 fot med godkjenning for inntil 12 personar.

Rutedrift kan skje frå kommunal kai / flytebrygge.

Trafikkgrunnlaget er knytt til:

- fem fastbuande på Hatløya i tillegg er det nokre vekependlarar ( to til fire).
- feriehus / fritidstrafikk til frå Hatløya.
- Trafikk til / frå Borgarøya.

Frå tidlegare drivar er det anslått eit passasjergrunnlag på 6.000 reiser. Om lag 2/3 av dette er gjennomført i sommarsesongen. Kommune kan ikkje verifisere desse tala.

### **Søknaden skal innehalde:**

- Namn / adresse og kontakttelefon.
- Informasjon om båten som skal nyttast. Dersom båten er godkjent for rutetraffic skal kopi av godkjenning ligge med. Dersom den ikkje er godkjent skal det ligge med ei stadfesting frå søker om at båten oppfyller krava i regelverket og kva dato nødvendig godkjenning kan leggast fram.
- Stadfesting om at båtførar har nødvendige kvalifikasjonar i høve til regelverket
- Ei avklaring på korleis det vert ordna med vikar i ferier og ved sjukdom.
- Opplysningar om kor fort ein kan starte opp ruta.
- Er båten tilrettelagt for rørslehemma? Er det andre ting som gjer båten spesielt velegna for formålet?
- Kva bruksmønster har båten – er den til dømes i bruk til andre faste oppdrag. Kva fleksibilitet har ein med omsyn til punkt 6 i lista over om å gå ekstraturar. Kva vil prisen være for slike ekstraturar?

### **Prioritering av tilbydarar:**

1. Tidspunkt for oppstart.  
Ved val av drivar vert det lagt vekt på kor fort ein kan etablere ruta. Eksempelvis vert søkarar som har godkjent båt og førar prioritert framfor søkarar som må skaffe slik godkjenning.

2. Bruksfleksibilitet:

Jfr spesielt punkt 6 om ekstraturar i opplistinga under rammer for avtalen.

Til dømes kor vert båten stasjonert når den ikkje er i bruk i ruta? Er båten i bruk til andre faste formål?

Punkta er sett opp i prioritert rekkefølge og vil bli vekta med 60 % på punkt 1.

**Interessentar vender seg skriftleg til:**

Ulstein kommune

v/ Verner Larsen

Postboks 143

6067 Ulsteinvik.

Merk konvolutten – Hatløyruta.

Brevet med tilbod må være kommunen i hende innan fredag 9. mai kl 16.00. Opning skjer på Ulstein rådhus tysdag 6. Mai.

Eventuelle spørsmål kan rettast til Verner Larsen.

E-postadresse: [verner.larsen@ulstein.kommune.no](mailto:verner.larsen@ulstein.kommune.no), telefon 700 17 513 / 982 30 601.

Med helsing

Verner Larsen

ass. rådmann

Vedlegg:

1 Ruteplan